

Samarbeidsavtale

mellom

Lindås Idrettsråd og Lindås kommune



Lindås kommune

Føremål:

Lindås Idrettsråd og Lindås kommune har felles verdier og mål for utvikling av idrett og fysisk aktivitet i kommunen. Vi ønsker å leggja til rette for idrett og fysisk aktivitet som førebyggjande folkehelsearbeid, og for å skapa trivsel, aktivitet og gode oppvekst og levevilkår.

Føremål med denne avtalen er å fastsetja rammer for samarbeidet, og ansvarsfordeling mellom LIR og Lindås kommune i saker som omhandlar idrett. Avtalen skal;

- Styrka samspelet mellom LIR og Lindås kommune
- Klargjera prinsipp og gjensidige krav og forventningar.
- Sikra kontinuitet i vedtaka som vert gjort, og skapa føreseielege vilkår for begge partar
- Bidra til gjensidig forståing og respekt

Avtalepartar

Lindås Idrettsråd:

Lindås Idrettsråd er eit samordningsorgan for idretten i Lindås kommune. Rådet er valt av og blant laga som er knytt til Norges Idrettsforbund og Norges olympiske og paraolympiske komite. Idrettsrådet skal til ei kvar tid jobba etter gjeldande lover og reglar vedtekne av idrettstinget, idrettskretstinget og årsmøtet i Lindås Idrettsråd. Idrettsrådet representerer den samla idretten, og har til ei kvar tid ansvar for å sjå heilskapen i idrettslivet i Lindås. Rådet skal hjelpa kommunen å ta avgjerder til beste for all idrett, og bidra til at måla i kommunen sin idrettsplan vert nådd.

Lindås kommune:

Rådmannen har øvste formelle ansvar for alle administrative område i kommunen, inkludert idrett. Dei folkevalde prioriterer mål og prinsipp gjennom kommunen sin idrettsplan, og avgjer omfang, kvalitet og fordeling.

Samarbeid

Generelle retningslinjer:

- Alle saker som er av felles interesse for idrett skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet.

- Kvant enkelt idrettslag kan ikkje ta opp ei sak direkte med kommunen dersom saka kan tenkast å ha konsekvensar for andre lag. Dette gjeldt spørsmål som vedkjem prioritering av kommunale midlar til anleggsinvesteringar, drift og disponering av kommunale anlegg, samt økonomisk støtte til idrettslag.
- Når Lindås kommune sender ut generell informasjon til idrettslaga, skal det sendast kopi til idrettsrådet.
- Begge partar har løpande informasjonsplikt kring alle forhold som kan seiast å ha noko å seia for oppgåvene til den andre parten.
- Utarbeide og oppdatere fortløpande idrettsrådets medvirkningskalender, viser til side 19 i vegleder for samarbeid mellom kommune og idrettsråd (når ein pluss ein blir meir enn to)
<http://www.idrettsforbundet.no/globalassets/1-norges-idrettsforbund/idrettsrad/veileder-for-samarbeid-mellom-kommune-og-idrettsrad-pdf.pdf>

Lindås kommune er avhengig av at idrettsrådet uttalar seg på vegner av den samla idretten, så sant noko anna ikkje er uttrykkeleg sagt frå om. Eventuell usemje mellom idrettsrådet og enkelte idrettslag, eller idrettslaga i mellom, er kommunen uvedkomande.

Idrettsrådet:

- Fungerer som rådgjevande organ for idrettssaker i kommunen
- Er arena for samarbeid mellom laga og kommunen
- Utarbeidar framlegg på vegner av idretten når det gjeldt prioriteringar av økonomisk støtte anleggsutvikling, bruk av anlegg og spelemidlar
- Gir innspel og faktainformasjon til planutkast
- Skal vera høyringsinstans til politisk handsaming der rådet sjølv meiner det er naudsynt
- Er rådgjevande organ for tildeling av treningstid og anna bruk av idrettsanlegg
- Skal vera representert i styrer og arbeidsgrupper som vedkjem idretten
- Skal gje innspel på den årlege rulleringa av prioritert liste på spelemiddelordninga
- Gir råd i samband med tildeling av kulturmidlar, og LIR skal ha førelagt saksdokumentasjon minst 4 veker før rådmannen gir sitt framlegg til innstilling om tildeling. Saksdokumentasjon som kommunen sender LIR skal også innehalde alle søknader, samt at fristar for sakshandsaming og saksbehandlarar må gå fram av mottatt dokumentasjon.

Administrasjonen i Lindås kommune:

- Greiar ut og føreslår saker til politisk handsaming
- Forvaltar lover og reglar
- Rådfører seg med idrettsrådet i saker som kan ha betydning for idretten i Lindås
- Ser til at idretten sine innspel i politisk saker føl sakspapira fram til endeleg vedtak, eller på annan måte blir referert i den endelege skriftlege saksdokumentasjonen
- Deltar i idrettsrådet sine styremøte i den grad idrettsrådet sjølv bed om
- Deltar under årsmøtet til idrettsrådet
- Er representert i arbeidsgrupper som vedkjem idretten

Idrettsrådet er basert på frivillig arbeid. Administrasjonen i Lindås kommune skal i så stor grad som mogleg syta for at rådet har minimum ein måned til si handsaming av saker.

Politisk nivå:

- Tar med idrettsrådet ved behandling av saker av idrettspolitisk interesse dersom idrettsrådet ikkje har gitt innspel.
- Informerer/konsulterer idrettsrådet ved budsjettendringar i budsjettperioden.
- Idrettsrådet skal kunna be om møte med ordførar, formannskap og utval dersom det gjeldt tema av prinsipiell politisk karakter.

Kommunikasjon

- Idrettsrådet lagar framlegg, og rådmannen/politisk nivå tar avgjerder ut frå heilskapleg tenking i kommunen. Partane skal ha gjensidig respekt og akseptera at det kan vera ulikt syn på prioriteringar og løysingar.
- Det vert halde fast møte mellom administrasjonen og idrettsrådet i mai og oktober. Idrettsrådet har i tillegg høve til å be om møte dersom det er saker som krev det.
- Det skal avhaldast idrettens time i kommunestyret ein gong per år. Denne skal finna stad i god tid før arbeidet med budsjett og økonomiplan tek til.

Anlegg

Spesielt vedrørande anleggsutvikling

I alle saker som omhandlar rehabilitering, utvikling og nybygg av dei kommunale idrettsanlegga, skal idrettsrådet inn straks planlegginga byrjar. Alle slike prosjekt må inn på prioriteringslista i kommunen sin idrettsplan før dei kan setjast i gang. Kommunen pliktar å gjennomføra ei årleg rullering av denne prioriteringslista.

Eventuell mefinansiering frå idrettslag, skal vera dokumentert før prosjektet kan handsamast av idrettsrådet og gå vidare til politisk handsaming.

Viss eit lag klarar å skaffa fullfinansiering av eit prosjekt, gir dette høve til å fråvika prioriteringslista i kommunedelplan for idrett og nærmiljøanlegg, dersom det er semje om endring av prioriteringslista.

Både Lindås idrettsråd og Lindås kommune pliktar å tenka fleirbruk og allsidighet i idrettstilbodet i sine prioriteringar.

Før ei kvar rehabilitering og utbygging skal idrettsrådet og kommunen i fellesskap gjennomføra ei grundig behovsanalyse med fokus på aktuelle brukargrupper, folkehelse, medlemstal, dagens anleggsstatus, framtidige behov mm.

Idrettsrådet og kommunen gjennom samarbeidsavtalen og møter, skal ein utarbeida framdriftsplan og arbeidsdokument for dei einskilde prosjekta ein skal arbeida med vidare, dersom ein finn grunnlag for det etter at dette punktet som er nemnt ovanfor, da vil danne grunnlag for det vidare arbeidet.

Dette er for å sikre at alt er ivaretatt med hensyn til budsjetter, planarbeid, administrative og kommunale vedtak, samt spelemidlar og anna som er relevant for eit prosjekt. Kommune og idrettsrådet skal vurdere organisering og beste måte å arbeide med prosjekter/anlegg mellom idrettsrådet, medlemslaga og kommune, i form av arbeidsgrupper med leiar eller anna tilpassa arbeidsform ut frå dei ulike prosjekta/anlegga som det er grunnlag for å setje i gang eit slik arbeid for.

Alle saker som kjem til idrettsrådet frå eit medlemslag skal vera handsama og det skal være gjort styrevedtak.

Avtalen

Kan reviderst fortløpande dersom det skal være behov for det, dette er for å sikra til ein kvar tid det at avtalen er til det beste for begge partar.


Avtaletid

Avtalen skal signerast av leiar i idrettsrådet, ordførar og rådmann.

Gjensidig oppseiingstid er eitt år.



Lindås, 10.05.2016

for Lindås kommune



Ordførar*


Nina Bognøy

Rådmann

Ørjan Raknes Forthun

for idrettsrådet



Leiar

John Helge Walderhaug

*Vald ordførar Astrid Aarhus Byrknes har permisjon frå vervet som ordførar medan ho møter som vara for Knut Arild Hareide på Stortinget. Nina Bognøy er ordførar i permisjonstida.